

Rolf Raknes

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 16/9933
Dykkar referanse: 16/230-16/11596
Vår dato: 14.10.2016
Dykkar dato: 12.09.2016

Att:

RADØY KOMMUNE HORDALAND - OFFENTLEG HØYRING OG ETTERSYN - PLANSTRATEGI 2016-2020 - UTTALE

Vi viser til brev av 12.09.2016 frå Radøy kommune med offentlig høyring av planstrategi 2016 – 2020.

Radøy kommune sin planstrategi 2016-2020 gjev ein god oversikt over kommunen sitt plansystem, kva kommunen ser som hovudutfordringar og kva for planoppgåver kommunen vil prioritere innafor perioden. Vi saknar ei innhaldsliste, men utover dette har vi ingen merknader til disposisjon og innhald.

Kommunen sin arealplan

Ifølgje planstrategi 2016-2020:

«I samsvar med planstrategi 2012-16 vart det starta delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel 12.09.2013. Det vart utarbeidd planprogram som har vore på offentlig høyring og ettersyn i perioden 18.12.2014 til 19.01.2015. Endeleg vedteke planprogram er registrert i planregisteret 29.01.2015. Det vidare arbeid med planforslag har ikkje fått prioritet og det er difor ikkje lagt fram for ettersyn og vidare handsaming. Det opprinnelege mål var å ha eit planforslag vedteke lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i januar 2016. Grunna at delrevisjonsprosessen har stoppa opp er vurderingane som vart gjort i planstrategi 2012-16 framleis gjeldande. Aktuelle tema i samband med delrevisjon er mellom anna strandsoner og analyse av funksjonell strandsoner, justering av byggegrense mot sjø og vassdrag, vurdering av LNF og LNF spreiddt eksisterande, bruken av sjøområda, plankrav, kulturminnevern, kommunedelplanar og småbathammer/anlegg».

I kapittelet om vurdering av kommuneplanen på side 20, tek ein nærare opp kva som vert revisjonstema;

- Plankartet
 - Gjennomgå arealbruken for strand og sjø på nytt
 - Fastsetting av kva som er byggjegrænse mot sjø og vassdrag
 - Ny avgrensing av LNF der spreidd utbygging er tillate
 - Kommunedelplanar for Radøy Sør og Manger skal inngå i plankartet
- Planskildringa
 - Revisjon iht til dei endringar som vert føreteke på plankartet
 - Oppdatering iht gjeldande nasjonale forventningar og regionale planar
- Planføresegnene
 - «Vasking» av føresegnene i høve til heimelsreferansar i Plan- og bygningslova
 - Revisjon av liste over gjeldande reguleringsplanar
 - Avklare planføresegnene etter at kommunedelplanar for Radøy Sør og Manger vert teke inn i kommuneplanen

Fiskeridirektoratet region Vest ser positivt på at Radøy kommune fortsetter arbeidet med delrevisjon av arealplanen. Vi syner elles til vårt brev av 24.08.2016 der vi gjer greie for Fiskeridirektoratet si rolle i arealplanlegginga, og kva forventningar vi har til kommunen si planlegging.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Radøy Kommune Rolf Raknes	Krossvegen 8	5936	MANGER
------------------------------	--------------	------	--------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND